

Sklei på det glatte føret

02.04.2013

Det var Rytas Razukevicius frå Litauen som omkom i Englafjell i påska. Politiet har no frigjeve namnet på 36-åringen som var busett på Husnes og arbeidde i eit lokalt firma. Det var ein arbeidskamerat som meldte han sakna dagen etter skituren.

Den skulle ha endt i Uskedalen, men litauaren gjekk etter alt å dømme feil. Han skulle gått ned gjennom Eikedalen men gjekk over Englafjell og sklei ned fjellsida ovanfor Døsmland og Feet. Føret var svært hardt og glatt og er det framleis. Sporet etter litauaren var sett laurdag kveld men søking med varmesøkjande kamera ga ikkje noko resultat under helikoptersøket. Morgonen etter vart han raskt funne.

Av Ola Matti Mathisen